



Vinje kommune  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

Saksbehandlar, innvalstelefon

## Samordning av statlege motsegn – motsegna fremmast - reguleringsplan - Vinje 99/3 - Storrlineset del 2 - planID 20210002

**Statsforvaltaren som myndigheit for samordning av statlege motsegn har ikkje funne grunn til å avskjera motsegna frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Motsegna fremmast i sin heilheit. Uttalen frå NVE følgjer vedlagt.**

Det vert vist til brev 12. januar 2026 frå Vinje kommune. Frist for uttale i saka til 6. mars 2026.

### 1. Saka gjeld

Saka gjeld høyring og offentlig ettersyn av forslag til reguleringsplan for Storrlineset del 2 i Vinje kommune.

Det er fremma motsegn frå NVE.

### 2. Kompetansen til statsforvaltaren

Statsforvaltaren har fått eit delt ansvar i motsegnsaker. Statsforvaltaren som fagmyndigheit skal sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og vesentlege regionale interesser innan miljøvern, landbruk, samfunnstryggleik, helse og sosial og interessene til barn og unge. Den enkelte avdelingsdirektøren har delegert mynde til å fremja motsegn. Samstundes skal statsforvaltaren som myndigheit for samordning sjå til at alle statlege motsegner er tydeleg forankra i lov, forskrift eller retningslinje. Dette ansvaret ligg til statsforvaltaren sjølv. Statsforvaltaren skal gjera ei samla vurdering av alle motsegnene og ta stilling til kva for motsegn som skal fremjast. Det er den enkelte fagetaten som har mynde til å fremja motsegna, men statsforvaltaren har mynde til å avskjera ho.

I dette brevet opptrer statsforvaltaren som myndigheit for samordning.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev 22. desember 2017 gjeve føringar på at statsforvaltaren kan avskjera motsegn som



- ikkje er grunngeve i nasjonale eller vesentlege regionale interesser eller av vesentleg tyding for saksområdet til vedkomande organ, jf. plan- og bygningsloven § 5-4 første ledd,
- er fremja etter høyringsfristen, jf. plan- og bygningsloven § 5-4 femte ledd,
- har vore eller kunne vore fremja tidlegare, jf. plan- og bygningsloven § 5-5 første ledd,
- er fremja utan at statsetaten har delteke i planprosessen, jf. plan- og bygningsloven § 5-5 tredje ledd, eller
- er motstridande og hindrar kommunen i å fatta planvedtak.

### **3. Samordning av motsegner**

NVE har fremma motsegn til planforslaget fordi mogleg skredfare ikkje er vurdert og eventuelt innarbeidd i planen. Heimelen for motsegna er plan- og bygningsloven § 5-4, jf. § 28-1 og TEK17 § 7-3. NVE syner òg til sin rettleiar 2/2017 om nasjonale og vesentlege regionale interesser.

NVE syner til at delar av det nordlege planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred og jord- og flaumskred. Direktoratet publiserte nye aktsemdkart for snøskred i 2023, med og utan skogeffekt. Utløpsområda er nokre stader annleis enn på dei gamle karta. NVE påpeiker at vurderinga av skredfare som er lagt til grunn i saka, ser ut til å vere gjort på bakgrunn av dei gamle aktsemdkarta.

Det vert vist til den vedlagte uttalen for ei nærare utgreiing for motsegna.

NVE påpeiker at for at grunnlaget til motsegna skal falle bort må det bli gjort ei fagleg vurdering av skredfaren i samsvar med NVEs digitale rettleiar. Viser utgreiinga at det er reell skredfare i byggeområder, må omsynssone for skred bli innarbeidd i plankartet og det må bli gitt føresegner til sona.

#### *Statsforvaltaren si vurdering*

Statsforvaltaren har ikkje funne grunn til å avskjere motsegna frå NVE. Ivaretaking av skredfare ligg innanfor dei interessene NVE er sette til å vareta. Det blir vist til nemnde heimelsgrunnlag. Motsegna er grunngeve og er knytt til konkrete forhold. NVE har òg fremja forslag på korleis motsegna kan løysast. Dei formelle vilkåra for motsegn i plan- og bygningsloven §§ 5-4 og 5-5 er òg oppfylt.

### **4. Konklusjon**

Statsforvaltaren har ikkje funne grunn til å avskjera motsegna frå NVE. Motsegna fremmast i sin heilheit. Uttalen frå NVE følgjer vedlagt.

### **5. Vidare prosess**

Vinje kommune og NVE vert oppfordra til å arbeida aktivt for å finna løysingar. Dersom partane kjem til semje, er det den enkelte fagetat som har mynde til å trekkja motsegna. Dersom partane ikkje vert samde, skal saka meklast etter dei ordinære rutinane. Frå Statsforvaltaren vil statsforvaltaren Trond Rønningen opptre som meklar.

Med helsing  
assisterande statsforvaltar i Vestfold og Telemark

Fred-Ivar Syrstad

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Vedlegg:

1 Innsigelse - reguleringsplan - Vinje 99/3 - Storrlineset del 2 - planID 20210002

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301

OSLO